# Deathflake vottar



SisselKB

e-post: sissel@borgen.as

Version 1.0 26. april 2013

# Deathflake vottar

Garn: Rauma gammelserie, Rauma finull, Hifa 2, PT 2
For eksempel svart og kvit, der svart er hovudfarge ( MC ) og kvit er farge 2 ( CC ).

Strikkepinne: 2.0 mm for vrangborden og 2.5 mm for reisten av votten
Storleik: Dame stor, storleiken kan endrast ved å endre tjukkelse på strikkepinnane.

Legg opp 72 masker med MC-garnet på dei tynnaste pinnane.
Strikk vrangbord, 1 r 1 vr, i 5 omgangar.
Bytt til tjukkare pinnar, reisten av votten skal strikkast i tjukkare pinnar.

Strikk mønster som er merka med "pattern A".

Neste omgang:
Strikk til det er to masker att på fyrste pinne. Strikk 2 masker saman. Strikk til det er 2 masker att på 3 pinne. Strikk 2 masker saman. Strikk runden ferdig. Det skal vere totalt 70 masker.

Strikk mønster som er merka med "pattern B".

Når du kjem til merket for tommel, ikkje klypp verken MC- eller CC-garnet, berre la det henge. Ta ein garnstump i ei annan farge, men ca same tjukkelse ( 25-30 cm ). Strikk dei 15 maskene som er merka, med denne garnstumpen. Flytt dei 15 maskene tilbake til venstre pinne. Hald fram med mønsteret. Tvinn MC-garnet og CC-garnet ein gong for kvar av dei 15 maskene som blir strikka.

Hald fram med mønsteret til tuppen av votten.

Tuppen av votten:
Flytt dei 5 siste maskene frå kvar side over på to garnstumpar ( eller to sikkerheitsnåler ). Vreng vottane. Ta maskene over på to strømpepinnar igjen. Ta reisten av MC-garnet ( 25-30 cm ) gjennom til vranga.
Plasser pinnane parallelt. Strikk annankvar maske frå eine og andre strikkepinnen, og samstundes fell av maskene.

Tommel:
Plukk opp 15 masker ovanfor og nedanfor garnet som er strikka inn for å markere tommelen, gjerne med tynne pinnar. Fjern dei midlertidige maskene.
Strikk mønsteret som er merka med "Thumb". Hugs å bruke dei tjukkaste pinnane.
Avslutt tommelen på same måte som tuppen av votten.

Fest alle trådane.

Eg vaskar alltid vottane mine ein svært kjapp runde i vaskemaskina med ullvaskemiddel. Då blir dei ørlite "pusete", og alt jamnar seg ut.

Takk til Art Fiend / GirlInGrey for at eg kunne vidareutvikle mønsteret hennar.
Takk til Mariannen101 for gode innspel då ho teststrikka vottane.

PATTERN A



THUMB



Takk til Art Fiend / GirlInGrey for at eg kunne vidareutvikle mønsteret hennar.
Takk til Mariannen101 for gode innspel då ho teststrikka vottane.

PATTERN B, LEFT MITTEN



Takk til Art Fiend / GirlInGrey for at eg kunne vidareutvikle mønsteret hennar.
Takk til Mariannen101 for gode innspel då ho teststrikka vottane.

PATTERN B, RIGHT MITTEN



Har du spørsmål eller kommentarar må du gjerne sende ein e-post til sissel@borgen.as

Takk til Art Fiend / GirlInGrey for at eg kunne vidareutvikle mønsteret hennar.
Takk til Mariannen101 for gode innspel då ho teststrikka vottane.